# Velkomen til årsmøte

# FFO
# Sogn og Fjordane

## 28. februar 2020
Thon Airport Hotel Bergen

FFO



# FFO VESTLAND

PROGRAM - ÅRSMØTE 2020

***Sted: Thon Bergen Airport Hotell,***
***Kokstadvegen 3,***
***5257 Kokstad***

***Det tas forbehold ved eventuelle endringer i programmet***

## FREDAG 28. FEBRUAR

*Årsmøter*

••••••••••••••••••••

**12.30: Registrering**

**13.00 - 14.00: Lunsj**

**14.00 - 15.30: Parallelle sesjoner:**
**Årsmøte i FFO Hordaland**
**og i FFO Sogn og Fjordane**

**15.30 - 16.00: Pause**

**16.00 - 18.00: Årsmøte FFO Vestland**
**(felles alle delegater)**
**Møteleder; Ordfører i Alver Sara Sekkingstad**
**19.00 - 19.30: Aperitiff**

**19.30 : Bankett**
**Underholdning av Cato Jensen**

## LØRDAG 29. FEBRUAR

*Fagdag: Interessepolitiske muligheter og utfordringer i FFO Vestland*

••••••••••••••••••••

09.00 - 09.15 : Åpning, leder for hovedutvalget idrett, kultur og integrering, ved Stian Davies

09.15-10.15: Foredrag om FFOs interessepolitiske plattform 2020-2021, ved FFOs generalsekretær Lilly Ann Elvestad

10.15 - 10.30: Pause

10.30 - 11.15: Likestilling- og diskrimineringsloven, ved Berit Vegheim, leder av stiftelsen Stopp Diskrimineringen

11.15 - 11.30: Pause

11.30 - 13.00: FN-konvensjonen for funksjonshemmede (CRPD)
- Hat-kriminalitet - kun etnisitet og religion?

13.00 - 13.15: Pause

13.15 - 14.00: Oppsummering -dialog hvordan anvende CRPD og Likestillingsloven i interessepolitisk arbeid?

14.00: Lunsj

FFO Sogn og Fjordane
FFO Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

**ÅR-01-2020** **GODKJENNING AV AVGJERDSMYNDE**

Framlegg: Årsmøte er vedtaksført.

Utgreiing: *I FFO sine vedtekter § 4 FFOs Beslutningsregler pkt. B heiter det:*

***B) FFO i fylker og kommuner***

***1. Beslutningsdyktighet***
*FFOs årsmøte og ledermøte i fylkes- og kommuner er beslutningsdyktig uansett hvor mange av medlemsorganisasjonene som er til stede, så sant møtet er lovlig innkalt.*

*Styret er beslutningsdyktig når minst halvparten av styrets medlemmer er til stede. Tilstede blant disse må leder eller nestleder være.*

***2. Stemmerett***

*a) I FFOs årsmøte og ledermøte har bare organisasjonene stemmerett. I møter i styret har alle 1 – én – stemme hver.*
*b) Ingen kan møte med fullmakter fra andre organisasjoner*
*c) Et styremedlem i fylkes- og kommune-FFO kan ikke være representant for egen organisasjon i årsmøter og ledermøter på fylkes- og kommunenivå.*

***3. Beregning av stemmetall***

*a) For fylkes-FFO deles organisasjonene inn i 3 stemmegrupper med bakgrunn i medlemstall for organisasjonene nasjonalt:*

| | |
|---|---|
| *Stemmegruppe 1* | *1 stemme* |
| *Stemmegruppe 2* | *2 stemmer* |
| *Stemmegruppe 3* | *3 stemmer* |

*b) For kommune-FFO har hver organisasjon èn stemme*

*c) Medlemsorganisasjonenes stemmer avgis enhetlig. Splitting av stemmer er ikke tillatt.*

***4. Vedtak***
***4.1. Styret i fylkes- og kommune-FFO***
*Styrets vedtak er gyldig når mer enn halvparten av de*

*tilstedeværende har stemt for forslaget.*

### *4.2 Årsmøte og ledermøte i fylkes- og kommune-FFO*

*a) Vedtak er gyldig når forslaget har fått tilslutning fra mer enn halvparten av de tilstedeværende stemmene.*

*b) Vedtak i FFO kan ikke binde den enkelte medlemsorganisasjons handlefrihet.*

*Pr. 31.12.2019 var det 25 medlemsorganisasjoner tilsluttet FFO Hordaland med 10.000 medlemmer.*

**Her er delegatane ved årsmøtet til FFO Sogn og Fjordane sine stemmetal:**

1 stemme:
Foreningen for Søvnsykdommer.

5 stemmer:
Multippel Sklerose Forbundet i Norge.

9 stemmer:
LHL, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke.
Norsk Revmatikerforbund.

Oversikt over stemmefordeling ligg ved.

Ordskifte:
Vedtak:

# STEMMEFORDELING, ved årsmøte FFO-fylke rev. Des.2019

Oversikten viser organisasjonen sitt oppgitte medlemstall til Barne-ungdoms og familiedirektoratet i søknad for 2019. Organisasjonen sine stemmer i Kongressen og Representantskapet og i fylkes-FFO blir fastsatt utfra medlemstall:

| ***Stemmegruppe 1. 0-2.499 medlemmer:*** | ***1 stemme*** |
|---|---|
| Afasiforbundet i Norge | 1659 |
| Alopeciaforeningen i Norge | 775 |
| Bipolarforeningen | 546 |
| Blærekreftforeningen | 365 |
| CarciNor | 570 |
| Debra Norge | 155 |
| Den norske PKU-forening | 750 |
| Forbundet Tenner og Helse | 455 |
| Foreningen for autoimmune leversykdommer | 329 |
| Foreningen for Bardet-Biedl Syndrom | 193 |
| Foreningen for Blødere i Norge | 375 |
| Foreningen for El-overfølsomme | 847 |
| Foreningen for Fragilt X-syndrom | 331 |
| Foreningen for Kroniske Smertepasienter | 840 |
| Foreningen for Muskelsyke | 1525 |
| Foreningen for VCFS DiGeorge Syndrom | 352 |
| Gynkreftforeningen | 860 |
| HivNorge | 314 |
| Iktyoseforeningen i Norge | 128 |
| Hjernesvulstforeningen | 1142 |
| Klinefelterforeningen i Norge | 350 |
| Landsforb.for komb. syns-og hørselshemmede/døvblinde | 165 |
| Landsforbundet for utviklingshemmede og pårørende | 923 |
| Landsforeningen for Huntingtons sykdom | 431 |
| *Landsforeningen for Overvektige* | *130* |
| Landsforeningen We shall overcome | 433 |
| Leverforeningen | 302 |
| Marfanforeningen | 310 |
| Momentum | 583 |
| Morbus Addisons Forening | 804 |
| Munn – og halskreftforeningen | 644 |
| Norges Døveforbund | 2224 |
| Norsk Craniofacial Forening | 228 |
| Norsk Dysmeliforening | 463 |
| Norsk Dystoniforening | 637 |
| Norsk Forbund for Svaksynte | 338 |
| Norsk Forening for Analatresi | 405 |
| Norsk Forening for Cystisk Fibrose | 1017 |
| Norsk Forening for Ehlers-Danlos Syndrom | 427 |
| Norsk Forening for Nevrofibromatose | 602 |
| Norsk Forening for Osteogenesis Imperfecta | 318 |
| Norsk Forening for personer med urologiske sykdommer og inkontinens /NOFUS) | 373 |
| Norsk Forening for slagrammede | 1122 |

# STEMMEFORDELING, ved årsmøte FFO-fylke rev. Des.2019

| | |
|---|---|
| Norsk Forening for Tuberøs Sklerose | 368 |
| Norsk Hemokromatoseforbund | 402 |
| Norsk Immunsviktforening | 169 |
| Norsk Interesseforening for Kortvokste | 363 |
| Norsk Interesseforening for Stamming og løpsk tale | 484 |
| Norsk Lymfeødem- og lipødemforbund | 1618 |
| Norsk MO-forening | 108 |
| Norsk Osteoporoseforbund | 2333 |
| Norsk Tourette Forening | 1928 |
| Ryggforeningen i Norge | 1477 |
| Ryggmargsbrokk – og Hydrocephalusforeningen | 773 |
| Rådgivning Om Spiseforstyrrelser | 1153 |
| Søvnforeningen | 761 |
| Turner Syndrom Foreningen Norge | 253 |
| Voksne med medført hjertefeil | 439 |

| ***Stemmegruppe 2.- 2.500 – 9.999 medlemmer:*** | ***2 stemmer*** |
|---|---|
| ADHD Norge | 8897 |
| Autismeforeningen i Norge | 4508 |
| Barnekreftforeningen | 4602 |
| Cerebral Parese-foreningen | 5121 |
| Dysleksi Norge | 7418 |
| Foreningen for Hjertesyke Barn | 3865 |
| Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte | 3183 |
| Landsforeningen for Pårørende innen Psykisk Helse | 3150 |
| Landsforeningen mot Fordøyelsessykdommer | 3805 |
| Mental Helse | 7099 |
| Multippel Sklerose Forbundet i Norge | 7835 |
| Norges Blindeforbund | 9798 |
| Norges Fibromyalgi Forbund | 6675 |
| Norges M.E-forening | 4204 |
| Norges Parkinsonforbund | 5383 |
| NORILCO- Norsk Forening for Stomi, reservoar og mage-tarmkreft | 4864 |
| Norsk Epilepsiforbund | 5803 |
| Personskadeforbundet LTN | 2957 |
| Prostatakreftforeningen | 3420 |
| Psoriasis- og eksemforbundet | 4395 |
| Stoffskifteforbundet | 7330 |

| ***Stemmegruppe 3.-10.000 medlemmer:*** | ***3 stemmer*** |
|---|---|
| Astma- og Allergiforbund | 11 403 |
| Diabetesforbundet | 32 626 |
| Hørselshemmedes Landsforbund | 66 167 |
| Landsforeningen for Hjerte- og Lungesyke | 46 932 |
| Norsk Revmatikerforbund | 32 098 |

FFO Sogn og Fjordane
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

**ÅR-02-2019** **GODKJENNING AV INNKALLING.**

Framlegg: Innkallinga vert godkjent.

Utgreiing: Viser til FFO sine vedtekter **§ 5 pkt. B – FFO i fylker og kommuner**

***1. Myndighet***

*Årsmøtet er FFOs høyeste myndighet. Årsmøtets oppgave er å trekke opp linjene for virksomheten, kontrollere resultatene og velge et styre i fylkes- og kommune-FFO*

***2. Møterett***
*I årsmøtet har medlemsorganisasjonene rett til å møte med 2 representanter.*

*Studieforbundet Funkis kan møte med én observatør med talerett men uten forslags- og stemmerett.*

*Kommune-FFO har anledning til å møte på fylkes-FFOs årsmøte med leder eller nestleder. Disse har talerett i alle saker og forslagsrett i alle saker med unntak av valg. Representantene har ikke stemmerett.*

***3. Innkalling***
*Årsmøtet i FFO holdes hvert år innen 15. juni.*
*Styret innkaller til årsmøtet senest 2 måneder før møtet skal holdes. Innkallingen skal være skriftlig. Med innkallingen skal følge foreløpig saksliste med melding om forslagsfrister. Medlemsorganisasjoner som ønsker saker behandlet på årsmøtet, må sende sakene til styret minst 1 - en - måned før årsmøtet. Styret skal sende ut fullstendig saksliste med alle innkomne saker og saker som styret legger frem, senest 14 dager før årsmøtet.*

Innkalling med førebels saksliste til FFO Sogn og Fjordane sitt årsmøte 2020 vart sendt 13.12.2019, og innan fristen vedtektene set.

Ordskifte:
**Vedtak:**

FFO Sogn og Fjordane
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

**ÅR-03-2020 GODKJENNING AV SAKSLISTE**

Framlegg: Framlegg til saksliste.

ÅR 01.2020 Godkjenning av avgjerdsmynde.
ÅR 02.2020 Godkjenning av innkalling.
ÅR 03.2020 Godkjenning av saksliste.
ÅR 04.2020 Valg av møtefunksjonærar:
- Møteleiar
- Sekretær
- Protokollunderskrivarar
- Teljekorps

ÅR 05.2020 Godkjenning av FFO Sogn og Fjordane si årsmelding for 2019.

ÅR 06.2020 Godkjenning av regnskap FFO Sogn og Fjordane 2019 Med revisor sin rapport.

ÅR 07.2020 Innkomne saker frå organisasjonane og styret.

ÅR 08.2020 Fusjon med FFO Hordaland – FFO Vestland. Val av avviklingsstyre.

ÅR 09.2020 Nedlegging av FFO Sogn og Fjordane.

Ordskifte:

Vedtak:

FFO Sogn og Fjordane
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

**ÅR-04-2020 VALG AV MØTEFUNKSJONÆRER**

Framlegg: Møtefunksjonærer vert valgt i høve framlegg.

Utredning

**Møteleiar:**
Ivar Halland

**Sekretæriat:**
Harald M Kvame

**Protokollunderskrivarar:**
Blir opplyst om i møtet.

**Teljekorps:**
Blir opplyst om i møtet.

Ordskifte:

Vedtak:

FFO Sogn og Fjordane
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

| | |
|---|---|
| **ÅR-05-2020** | **GODKJENNING AV FFO SOGN OG FJORDANE SI ÅRSMELDING FOR 2019.** |
| Framlegg: | Årsmeldingen for 2019 vert godkjend slik den ligg føre. |
| Utgreiing: | FFO Sogn og Fjordane legg med dette fram årsmelding for 2019. Vedlagt følger framlegg til årsmelding for godkjenning. |
| Ordskifte: | |
| Vedtak: | |

# ÅRSMELDING
# FFO SOGN OG FJORDANE
# 2019

FFO Sogn og Fjordane
FFO Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

Årsmelding FFO Sogn og Fjordane 2019.

**Overordna mål for FFO Sogn og Fjordane si verksemd**

Med 84 interesseorganisasjonar og 335 000 medlemmar for funksjonshemma, kronisk sjuke og pårørande på landsbasis, er FFO landets største paraplyorganisasjon.
I FFO Sogn og Fjordane er om lag 40 av desse etablert med eigne kontaktledd på fylkesplan. Verksemda omfattar i tillegg rundt 150 lokallag organisert i kommunane.

***FFO Sogn og Fjordane sin visjon er å arbeide for full likestilling og samfunnsdeltaking for personar med kronisk sjukdom eller funksjonshemming gjennom fokus på:***

- Drift av Funksjonshemma sitt Informasjonssenter i Førde.
  Ved å gjere relevant informasjon lett tilgjengeleg og tilby ein sentral møteplass for våre medlemmar.

- Arbeide for interessepolitisk påverknad , gjennom godt samarbeid og dialog mellom medlemsorganisasjonar, politiske parti og det offentlege.

- Brukarmedverknad gjennom aktiv brukarrepresentasjon i dei ulike råd og utval som er aktuelle.

- Likemannsarbeid for å kunne veksle erfaringar til å styrke kvarandre.

- Aktivt informasjonsarbeid for barn og unge og deira pårørande.



Årsmelding FFO Sogn og Fjordane 2019.

**FYLKESSTYRETS SAMMENSETNING VALT PÅ ÅRSMØTET 2019:**

**Leiar....................** Ivar Halland, HLF Sogn og Fjordane.

**Nestleiar...............** Åse Mette Ormbostad, Autismeforeininga Sogn og Fjordane.

**Økonomiansvarleg..** Audun Nedrebø, HLF Sogn og Fjordane.

**Styremedlem.........** Kari Sekse, Landsforeininga for pårørande innan psykisk helse Sogn og Fjordane.

**Styremedlem.........** Åshild Helleset.

**Styremedlem.........** John Ole Johnsen, Revmatikerforbundet Sogn og Fjordane.

**Vara....................** Einar G Fauske, Norges Blindeforbund.

**Vara....................** Astrid Martinsen, Sogn og Fjordane Parkinsonforeining.

Den 5. september bad Åshild Helleset om fritak frå verv knytt til FFO. Einar G Fauske gjekk inn som fast medlem i styret. Sidan det var så kort tid att av året, har det fungert med ein vara sidan. Dette er vedtak 3/05.09.19.

**STYRET SIN MØTEAKTVITET I 2018:**

Årsmelding FFO Sogn og Fjordane 2019.

Det er halde 7 styremøte i FFO Sogn og Fjordane:

- 02.04.2019
- 13.05.2019
- 17.06.2019
- 05.09.2019
- 08.10.2019
- 18.11.2019
- 10.12.2019

Det er handsama 46 saker. Noko av aktiviteten etter sommaren har vore fordi styret har gått inn og tatt over drifta fordi fylkessekretæren har vore sjukmeld.
3 av fylkesstyret sine representantar har delteke i interimstyret for samanslåing av FFO Hordaland og Sogn og Fjordane til FFO Vestland. Desse er: Ivar Halland, Åse Mette Ormbostad og Audun Nedrebø. Samt stiller fylkessekretæren på alle møter.

**Ekstern møteaktivitet for 2019:**

- Ansattesamling for fylkessekretærane i FFO på Fornebu 7. og 8. november. Der møtte fungerande fylkessekretær Reidun Støfring.
- FFO's kongress på Gardermoen 23. og 24. november. Der møtte fungerande fylkessekretær Reidun Støfring og nestleiar Åse Mette Ormbostad.
- Regional Samling Gardermoen 3. og 4. april. Tone og Ivar møtte.
- Samhandlingsmøte mellom Førde Ressurssenter, FFO Sogn og Fjordane, Førde kommune, Lærings – og mestringssenteret og Brukarrepresentantar frå Autismeforeninga.
- Dialogmøte/samhandlingsmøte mellom FFO Sogn og Fjordane, FFO Hordaland, Arbeidsgruppa Vestland Fylke og Helse Vest på FI-senteret i Hordaland. Tone møtte.
- Møte med Førde kommune angåande tilskot framover. Ivar og Tone møtte.
- Nettverksmøte 12.11.2019 med Førde Ressurssenter vedrørande status møteplass for unge vaksne med langvarig helseutfordring.

**Årsmøte og leiarmøte:**

Årsmøtet vart halde 09.03.2019 på Scandic Sunnfjord Hotell. Ivar Halland var møteleiar og Gunn Sande og Åse Mette Ormbostad var sekretærar. 13 organisasjonar deltok og stemmetalet var 29. FFO Sogn og Fjordane sitt leiarmøte vart arrangert 30. november på FI-senteret i Fjellvegen10 i Førde, og 7

organisasjonar deltok. Leiarmøtet inkluderte også andre styremedlemmar i organisasjonane, samt tilsette som tilhøyrarar.

**Kurs og andre arrangement:**

Undervisningsdag på FI-Senteret med Mo og Øyrane vidaregåande.

**Høyringar:**

Stryn kommune. Høyring om plan for habilitering – og rehabilitering. John Ole, Åse Mette og Tone utarbeida svar.

**ARBEIDET MED SAMANSLÅING AV FFO HORDALAND OG FFO SOGN OG FJORDANE**

**Interrimsstyrets samansetning:**

| | |
|---|---|
| Leiar............... | Jan Oddvar Gjerde frå FFO Hordaland. |
| Nestleiar.......... | Ivar Halland frå FFO Sogn og Fjordane. |
| Styremedlem..... | Else-Berit Helle frå FFO Hordaland. |
| Styremedlem..... | Dag Birkrem frå FFO Hordaland. |
| Styremedlem.... | Åse Mette Ormbostad frå FFO Sogn og Fjordane. |
| Styremedlem..... | Audun Nedrebø frå FFO Sogn og Fjordane. |

**Det er halde 7 interimstyremøter i 2019:**

- 04.04.2019
- 29.04.2019
- 27.05.2019
- 20.08.2019
- 16.09.2019
- 31.10.2019
- 04.12.2019

Det er handsama 74 saker, og interimstyret sitt mandat har vore å etablere eit nytt fylkes-FFO ut frå FFO sitt skriv om rutine for samanslåing av fylkes-FFO, og intensjonsavtala mellom FFO Hordaland og FFO Sogn og Fjordane. November 2019 kom eit nytt prinsippvedtak frå hovudstyret der dei har bestemt at det berre skal vere eitt kontor i fylket.

Årsmelding FFO Sogn og Fjordane 2019.

Med mandat i prinsippvedtak frå hovudstyret og intensjonsavtala, så har interimstyret jobba med fusjon, som er valgt samanslåingsform. Begge einingane er kartlagt. Planlegging for 2020 har teke utgangspunkt i at FFO Vestland skal ha to kontor, lokalisert der fylkeskontora ligg i dag, og drift og vidareutvikling vert opprettholde begge stadar. Det har vore arbeida med synkronisering og samordning av planer. Det er jobba med oversikt over leigeavtalar ved begge kontora for å ha oversikt over dei leigeavtalar ein kan ha sams. Det er også jobba med å ha ein felles administrasjon utad sjølv om sjølve kontora er på to stadar. Alle informasjonsverkty og presentasjonar utad skal ha felles utrykk, og nettsider og kontaktinformasjon skal vere felles. Det vil seie at rekneskapsføraravtalar og nokre leige- og kjøpeavtalar er endra for begge stadar.

I november 2019 kom hovudstyret med eit nytt prinsippvedtak i samanslåing av fylkes-FFOar. Dette vedtaket seier at fylkes-FFO skal samlokaliserast til eitt kontor. Interimstyret har vedteke å ikkje handsame klaga, og samlokalisering i Bergen.

**Funksjonshemmedes informasjonssenter i Fjellvegen 10 i Førde.**

FFO Sogn og Fjordane har ansvaret for dagleg drift av FI-Senteret som inneheld 8 kontor og møtefasilitetar.
Desse organisasjonane har kontorplass i FI-senteret pr. 31.12.2019:

- Landsforeningen for pårørende innen Psykisk helse, LPP
- Hørselhemmedes Landsforbund Sogn og Fjordane
- Mental Helse Sogn og Fjordane
- FFO Sogn og Fjordane
- Norsk Revmatikerforbund Sogn og Fjordane
- Landsforeningen for Hjerte-Lungesyke, LHL Førde Lokallag.
- Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane MS foreining
- Seniornett Førde

FI-senteret sitt møterom har plass til ca.20 personar, og er utstyrt med projektor, lerret, teleslynge,trådlause høgtalarar, mikrofon og mygg.

I fellesområdet er det også eit møtebord som kan nyttast til møteverksemd.

Senteret har kjøkken med oppvaskmaskin, kjøleskåp og mogelegheit for bruk av steikovn, mikrobølgeovn og kokeplate. I fellesarealet er det kopimaskin/skrivar og frankeringsmaskin.
FFO Sogn og Fjordane har trådlaust fibernett med eitt administrasjonsnett og eitt gjestenett.

Årsmelding FFO Sogn og Fjordane 2019.

**Faste aktivitetar i senteret:**

- Seniornett Førde har datakurs for pensjonistar kvar torsdag og fredag dagtid, på haust og vinter-halvåret. 120 personar deltek totalt på kurs og dei er fordelt i grupper på ca 20 desse to dagane.
- Mental Helse i samarbeid med Røde Kors arrangerer «Møteplassen» annakvar tosdag på kveldstid.Det varierar mellom 15-30 brukarar på dette arrangementet.
- Våre medlemsorganisasjonar nyttar møtelokala for kurs, møter og samlingar.

Kontoret for FFO Sogn og Fjordane har ei kjernetid mellom kl.09:00-15:30, kvardagar.

Epost: post.sognogfjordane@ffo.no / tone.sandvik@ffo.no / reidun.stofring@ffo.no

Telefon: 57 82 49 41 / 907 49 299.
Heimeside: www.ffo.no/Fylkeslag/FFO-Sogn-ogFjordane

FFO Sogn og Fjordane har ei Facebook side.

Heimesida har vore administret av FFO Hordaland hausten 2019 på grunn av sjukmelding ved kontoret. Grunna samanslåing til FFO Vestland og føreståande ny nettside, har denne ordninga halde fram etter at det var tilsett vikarierande fylkessekretær.

**Andre samarbeid:**
FFO er med i eit samarbeid med Førde Ressursenter der det er oppretta ein møteplass for unge vaksne med langvarig helseutfordring. Tilbodet starta i september med 6 frammøtte. Desember viser 9 faste brukarar av tilbodet som er annakvar tysdag. Gruppa skal vere mest mogleg sjølvstyrt, men det er knytt ein frivillig vaksen som er med kvar gong dei møtast. Tilbodet kan aukast opp i hyppigheit på møteplassmøter og ein tenker tal ungdommar ikkje bør overstige 15 for ei gruppe. Dei velgjer sjølve aktivitetar. FFO bidreg med søknad på midlar, og har sendt ein søknad. Ikkje motteke svar.

## BRUKARREPRESENTASJON FFO SOGN OG FJORDANE

FFO Sogn og Fjordane har brukarrepresentantar i følgjande råd og utval:

**FFO sin representasjon i brukarutvalet i Sogn og Fjordane 2019:**

Leiar: Audun Nedrebø, HLF Sogn og Fjordane
Medlem: Liv Stenbakk Krognes, LPP Sogn og Fjordane
Medlem: Jan Tore Odd, LHL Sogn og Fjordane
Medlem: Åshild Helleset, Sogn og Fjordane MS foreining (fekk permisjon i samband med permisjon i FFO Sogn og Fjordane sitt fylkesstyre 05.09.19.)
Medlem: Torbjørn Aasen, LHL Sogn og Fjordane.
Vara: Marita Aarvik, LHL Sogn og Fjordane
Vara: Geir Ytredal, LPP Sogn og Fjordane.

I tillegg sit Magnus Strand der som er medlem under paraplyen i Blindeforbundet og sit i fylkesrådet for menneskER med nedsett funksjonsevne.

**Regionalt Brukarutval Helse Vest 2019:**

Medlem: Jostein Bildøy, HLF Sogn og Fjordane.
Medlem: Astrid Gytri, LPP Sogn og Fjordane.

Andre frå FFO i Hordaland og Rogaland:
Jan Oddvar Gjerde, LHL Hordaland.
Elisabet B Salte, Norsk astma- og allergiforbund Rogaland.
Merete Hauge, ME-foreningen Hordaland.

**NAV Brukarutval Sogn og Fjordane:**

Gunn Sande, Autismeforeninga (medlem)

Nina Sevaldsen, Blindeforbundet (medlem)

Åshild Helleset, MS-forbundet (vara)

Marita Aarvik, LHL (vara for Gunn Sande)

Åshild Helleset fekk fritak frå vervet i fylkesstyret sitt vedtak i styremøte 05.09.2019. Ny vara for FFO vart John Ole Johnsen frå NRF.

**Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 2015 – 2019:**

Medlem: Anita Æsøy, NRF Sogn og Fjordane

Vara: Synnøve Solhaugen Engen, HLF Sogn og Fjordane

Magnus Strand, Blindeforbundet Sogn og Fjordane
Vara: Geir Liavåg Strand, NAAF region vest

**Brukarutvalet ved Haugland Rehabiliteringssenter:**

Leiar: Ivar Halland, HLF Sogn og Fjordane
Medlem: Øystein Ryningen, NRF Sogn og Fjordane
Medlem: Kari Ann Holme, Sogn og Fjordane MS forening
Vara: Synnøve Solhaugen Engen, HLF Sogn og Fjordane
Vara: Hjørdis Åsnes, NRF Sogn og Fjordane

**Forum for Helse, Omsorg og Folkehelse:**

Fylkessekretær sat som brukarrepresentant i dette utvalet. Dette er eit utval som vart lagt ned frå januar 2019, grunna samanslåing av fylkesmannsembeta i Sogn og Fjordane og Hordaland.

**Kommunale og fylkeskommunale råd**

I tillegg har FFO Sogn og Fjordane brukarrepresentantar i dei fleste av dei kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne. I nokre av kommunane i Sogn og Fjordane er Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet slått saman. Hausten 2019 var det fylkes- og kommuneval, og nye råd for menneske med nedsett funksjonsevne er i prosess. Sidan kontoret har vore utan fylkessekretær ei tid, så har ein kome seint i gong med prosessen om å føreslå representantar til desse råda. Det er 19 kommunale råd i Sogn og Fjordane.

**Tilskotsordningar:**

FFO Sogn og Fjordane fekk i 2019 tilskot til drift frå fylgjande bidragsytarar:

- Helse Vest
- Sogn og Fjordane Fylkeskommune
- Førde Kommune
- Spelemidlar frå Norsk Tipping
- Øyremerka tilskot frå FFO sentalt

## Økonomisk situasjon i 2019

FFO Sogn og Fjordane syner god økonomi for året 2019. Rekneskapen viser mindre aktivitet enn føregåande år med årsak i periodevis manglande tilsett ved kontoret og vikarbruk i fylkessekretærstillinga. Aktiviteten på haustparten har og vore knytt til samanslåing av fylkeslaga Sogn og Fjordane og Hordaland der det har vore lite aktivitet i høve eit normalår. Vi nyttar Naustdal Rekneskapslag til føring av rekneskap. Viser elles til framlagt årsrekneskap og resultat for 2019.

## Avslutning

For FFO Sogn og Fjordane har det vore eit år der samanslåingsprosessen mellom fylkeslaga Sogn og Fjordane og Hordaland har fått mykje fokus. Prosessen munna ut i ei samlokalisering av fylkeskontora mot slutten av året. Dette har også fått merksemd hos våre medlemsorganisasjonar, og skapt noko usikkerhet i høve organisering av organisasjonane i framtida. Vår oppgåve har vore å få ein oversikt over situasjonen og ei forutsigbarheit i høve våre medlemmar. I høve nedlegging av FI-Senteret i Førde, er våre leigetakarar i gong med å finne alternativ for lokaler og møtestad.

2019 har også vore valår, og arbeid knytt til å finne kandidatar frå FFO til nye lokale råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i kommunane har fått fokus. Desse råda er viktig for å ivareta funksjonshemma og pårørande sine rettar i kommunal verksemd, og dei er eit godt fora for å drive interessepolitikk der tilboda til funksjonshemma og pårørande blir handsama.

FFO Sogn og Fjordane rettar ei stor takk til våre bidragsytarar og frivillige som har vore med og bidrege til FFO-samarbeidet i 2019.



Årsmelding FFO Sogn og Fjordane 2019.

**Styret i FFO Sogn og Fjordane 2019:**

Ivar Halland

Åse Mette Ormbostad

Audun Nedrebø

Kari Sekse

John Ole Johnsen

Einar G Fauske

Godkjenning av rekneskap med revisor sin beretning.

FFO Sogn og Fjordane
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

**ÅR-06-2020** **GODKJENNING AV FFO SOGN OG FJORDANES REGNSKAP FOR 2019 MED REVISORS BERETNING**

Framlegg: Årsmøtet godkjenner FFO Sogn og Fjordanes regnskap og revisor sin beretning for 2019.

Utgreiing: Reknskapet til FFO Sogn og Fjordane går over perioden 1.1.2018-31.12.2018. Styret legg reknskapet fram for årsmøtet for godkjenning. Reknskapet er vedlagt med revisor sin beretning.

Ordskifte:

Vedtak:

# Resultatregnskap pr 31.12.
## FFO Sogn og Fjordane

| | Note | Regnskap 2019 | Regnskap 2018 |
|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | | |
| Salgsinntekt | 6 | 156 664 | 106 035 |
| Annen driftsinntekt | 6 | 1 602 019 | 1 664 187 |
| Sum driftsinntekter | 6 | 1 758 683 | 1 770 222 |
| **Driftskostnader** | | | |
| Varekostnad | 6 | 287 098 | 623 207 |
| Lønnskostnad | 3,4 | 49 531 | 92 811 |
| Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendler | 8 | 8 092 | 4 950 |
| Annen driftskostnad | 6,7 | 756 782 | 867 717 |
| Sum driftskostnader | | 1 101 502 | 1 588 686 |
| Driftsresultat | | 657 181 | 181 536 |
| **Finansposter** | | | |
| Annen finansinntekt | | 2 007 | 1 505 |
| Annen finanskostnad | | 408 | 37 |
| Netto finansposter | | 1 599 | 1 468 |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | 658 780 | 183 004 |
| **Skattekostnad på ordinært resultat** | | | |
| Ordinært resultat | | 658 780 | 183 004 |
| **Ekstraordinære poster** | | | |
| Årsresultat | | 658 780 | 183 004 |
| **Overføringer og disponeringer** | | | |
| Overført annen egenkapital | | 658 780 | 183 004 |
| Sum overføringer og disponeringer | | 658 780 | 183 004 |

**Resultatdisponering**

Overskuddet i FFO Sogn og Fjordane på kr 658 779,80 foreslås disponert som følger:

| | |
|---|---|
| Overført til/fra udekket tap | |
| Overført til/fra annen egenkapital | 658 779,80 |
| Avsatt til annet utbytte/utdeling | |
| Andre disponeringer: | |
| Andre disponeringer: | |
| Andre disponeringer: | |
| **Sum** | **658 779,80** |

# Balanse pr 31.12.
# FFO Sogn og Fjordane

| | Note | Regnskap 2019 | Regnskap 2018 |
|---|---|---|---|
| **Anleggsmidler** | | | |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende | 8 | 30 560 | 19 799 |
| Sum varige driftsmidler | | 30 560 | 19 799 |
| Sum anleggsmidler | | 30 560 | 19 799 |
| **Omløpsmidler** | | | |
| Kundefordringer | | 18 462 | 30 014 |
| Andre fordringer | | 30 111 | 27 813 |
| Sum fordringer | | 48 573 | 57 827 |
| Bankinnskudd, kontanter og lignende | 2 | 1 555 688 | 1 109 953 |
| Sum bankinnskudd, kontanter og lignende | | 1 555 688 | 1 109 953 |
| Sum omløpsmidler | | 1 604 261 | 1 167 780 |
| Sum eiendeler | | 1 634 821 | 1 187 579 |

# Balanse pr 31.12.
# FFO Sogn og Fjordane

| | Note | Regnskap 2019 | Regnskap 2018 |
|---|---|---|---|
| **Egenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | 5 | 1 663 596 | 1 004 816 |
| Sum opptjent egenkapital | | 1 663 596 | 1 004 816 |
| Sum egenkapital | | 1 663 596 | 1 004 816 |
| **Gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | 4 | -34 568 | 161 398 |
| Skyldige offentlige avgifter | | | 11 485 |
| Annen kortsiktig gjeld | 4 | 5 793 | 9 881 |
| Sum kortsiktig gjeld | | -28 775 | 182 763 |
| Sum gjeld | | -28 775 | 182 763 |
| Sum egenkapital og gjeld | | 1 634 821 | 1 187 579 |

31.12.2019/28.02.2020
FFO Sogn og Fjordane

| | | |
|---|---|---|
| Ivar Halland<br>Styreleder | Audun Nedrebø<br>Styremedlem | Åse Mette Ormbostad<br>Styremedlem / nestleder |
| Kari Sekse<br>Styremedlem | John Ole Johnsen<br>Styremedlem | Einar G. Fauske<br>Styremedlem |

# Noter 2019

## FFO Sogn og Fjordane
## Organisasjonsnr. 975 711 234

**Note 1 - Regnskapsprinsipper**
Årsregnskapet er utarbeidet i samsvar med regnskapslovens alminnelige bestemmelser samt god regnskapsskikk for små foretak.

**Skatt**
FFO er en ideell organisasjon og er skattefri etter skatteloven §2-32

***Fordringer***
Langsiktige fordringer vurderes til anskaffelseskostnad med mindre virkelig verdi er lavere, og forventet tap ikke ansees å være av forbigående art.

Kundefordringer og andre kortsiktige fordringer vurderes til pålydende etter fradrag for forventet tap. For kundefordringer gjøres det en uspesifisert avsetning for forventet tap. Andre kortsiktige fordringer vurderes individuelt.

*Gjeld*
FFO har ingen Langsiktig gjeld. kortsiktig gjeld er vurdert til nominelt beløp på etableringstidspunktet fratrukket avdrag og nedbetaling.

**Salgsinntekter og kostnader**
Inntektsføring ved skjer på leveringstidspunktet. Inntekter består hovedsaklig av tilskudd,momskompensasjon, liten del medlemskontigent. Videre Fakturerte kostnader er også en del av inntektsposten, som er videre fakturert til andre brukere. Denne inntekten reduserer hovedsaklig driftskostnader. Inntekter er vurdert til virkelig verdi av vederlaget. Kostnadsføring skjer i samme periode som leveringstidspunktet, og samsvarer med drift av organisasjonen.

**Hovedregler for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld**
*Varige driftsmidler*
Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk i virksomheten er klassifisert som anleggsmidler. Driftsmidler er aktivert til anskaffelseskost. Tomter og boligeiendommer avskrives ikke. Driftsmidler med begrenset levetid avskrives planmessig over antatt levetid. Driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ventes å ikke være forbigående. Inventar innkjøp i desember, avskrives over 3 år, første gang 2018

For egentilvirkede anleggsmidler har selskapet benyttet unntaksregelen for små foretak som gir adgang til å unnlate å ta med faste tilvirkningskostnader ved beregning av anskaffelseskost.

## Note 2 - Bankinnskudd

**2019**

| | |
|---|---|
| Bundne skattetrekksmidler | 8 152 |
| Bankinnskudd, kontanter | 1 547 536 |

Bankinnskudd består av 3 kontoar. Sparekonto, lagkonto og ein visa-kort konto.
Skattetrekksmidlene er skatt for 2018 som blei betalt ut av lagkontoen

**Note 3 - Lønnskostnader mv.**

| | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| **Lønnskostnader** | 49 531 | 74 882 |
| **Arbeidsgiveravgift** | 0 | 1 718 |
| **Pensjonskostnader** | 0 | 16 211 |
| **Andre ytelser** | 0 | 0 |
| **Sum** | **49 531** | **92 811** |

Lønnskostnader består av utbetalt styre/utgiftsgodtgjørelse.

**Ytelser til ledende personer**

| | Lønn | Pensjonskostnader | Andre ytelser |
|---|---|---|---|
| **Daglig leder** | 0 | | |
| **Styrehonorar Styreleder** | 20571 | | |
| **Sum** | **20 571** | **0** | **0** |

**Revisor**

| | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| **Kostnadsført til revisjon** | 14 875 | 12 250 |
| **Kostnadsført for andre tjenester** | 0 | 0 |
| **Sum** | **14 875** | **12 250** |

Beløpene er angitt inklusiv mva.

**Note-4 kortsiktig gjeld**

| | |
|---|---|
| Møte/styregodtgjersle | 5 793 |

Gjennståande beløp for møte/styregodtgjersle gjelder for 2019, som blir utbetalt januar 2020

**Note 5 - Egenkapital**

| | Aksjekapital | Overkurs | Annen innskutt egenkapital | Opptjent egenkapital | Sum egenkapital |
|---|---|---|---|---|---|
| **Egenkapital 31.12.2018** | | | | 1 004 816 | **1 004 816** |
| **Prinsippendringer og korrigeringer** | | | | | |
| **Egenkapital 01.01.2019** | | | | **1 004 816** | **1 004 816** |
| **Årsresultat** | | | | 658 780 | **658 780** |
| **Andre endringer** | | | | | |
| **Egenkapital 31.12.2019** | | | | **1 663 596** | **1 663 596** |

**Note 6 - Spesifisering av resultatregnskapet**

| Kostnader | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| <Varekostnad> | 287 098 | 623 207 |
| <Driftkostnad> | 680309 | 799728 |
| <Annen driftskostnad> | 84565 | 72939 |
| Sum | 1 051 972 | 1 495 874 |

Varekostnad er tjenestekjøp fylkessekretær. Tjenestekjøp utgjer 490 337,- i 2019. Det er refundert 203 240,- som er refusjon av sykepenger. En del av refusjonen gjelder for 2018. Det utgjør 153 828,-

Driftkostnad består av drift av lokale og møtekostnader. Drift av lokale er hovedsaklig husleige,strøm,renhold, telefon og andre driftsutgifter . Husleige i 2019 er: 321 612,- og husleige 2018 323 640,-
Møtekostnader er kostnader som overnatting og innkjøp av mat i samband med møter, seminar.

Annen kostnad er bil/utgiftsgodtgjørelse, forsikring og gebyrer. Bil/utgiftsgodtgjørelse utgjør 55938,-

| Inntekter | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| <Medlemskontigent og tilskot> | 1 512 019 | 1 527 696 |
| <Momskompensasjon> | 103 037 | 70 636 |
| <Andre inntekter> | 143 627 | 171 889 |
| Sum | 1 758 683 | 1 770 221 |

Den største inntektsposten består hovedsaklig av tilskudd:

| | |
|---|---|
| Helse Vest | 1 150 000 |
| Fylkeskommunen | 300 000 |
| kommune | 30 000 |
| medlemskontigent | 22 180 |

Annen inntekt er viderefakturerte driftsutgifter som blir krevn inn av andre brukere, som strøm, kopiering, leige og telefon. Tilsammen 128 404,-.
Det er tilbakebetalt premie av pensjonsordning 15 223,-

## Tap på fordringer

| | |
|---|---|
| Tap på fordringer | -19 878 |

Tap på fordringer er viderefakturerte fordringer fra 2018, som blir ansett som tapt.

**Note 8 - Varige driftsmidler**

| | Tomter, bygninger og annen fast eiendom | Driftsløsøre, inventar, verktøy mv. | Sum |
|---|---|---|---|
| Anskaffelseskostnad 01.01.19 | 0 | 24 749 | 24 749 |
| Tilgang kjøpte driftsmidler | 0 | 19 277 | 19 277 |
| Tilgang egentilvirkede driftsmidler | 0 | 0 | 0 |
| Avgang realiserte driftsmidler | 0 | 0 | 0 |
| Anskaffelseskostnad 31.12.19 | 0 | 44 026 | 44 026 |
| Akkumulerte avskrivninger 31.12.19 | 0 | -13 466 | -13 466 |
| Akkumulerte nedskr. 31.12.19 | 0 | 0 | 0 |
| Akk. reverserte nedskr. 31.12.19 | 0 | 0 | 0 |
| Balanseført verdi 31.12.19 | 0 | 30 560 | 30 560 |
| | | | |
| Årets avskrivninger | 0 | 8 104 | 8 104 |
| Årets nedskrivninger | 0 | 0 | 0 |
| Årets reverserte nedskrivninger | 0 | 0 | 0 |
| | | | |
| Økonomisk levetid | | 5 år | |
| Avskrivningssats | 0% | 0-20% | |
| Avskrivningsplan | | lineær | |
| Endret avskrivningsplan i året | Nei | Nei | |
| | | | |
| Balansef. lånekostnad egentilv. dr.m. | 0 | 0 | 0 |
| Balanseførte leieavtaler | 0 | 0 | 0 |

FFO Sogn og Fjordane
FFO Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

**ÅR-07-2020 INNKOMNE SAKER OGUTTALAR FRÅ STYRET.**

Framlegg: Det var ikkje kome inn saker fra organisasjonen innan fristen 28. januar 2020.

Utgreiing:

Ordskifte:

Vedtak:

FFO Sogn og Fjordane
FFO Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

**ÅR-08-2020** **FUSJON FFO SOGN OG FJORDANE OG FFO HORDALAND – VALG AV AVVIKLINGSSTYRE**

Framlegg: FFO Sogn og Fjordane org.nr 975711234 vedtek å fusjonere med FFO Hordaland org.nr 971349050, i årsmøte 28. februar 2020 med namnendring til FFO Vestland org.nr. 971349050.

Val av avviklingsstyre for FFO Sogn og Fjordane 2020;

- Vibecke Magnus, fylkessekretær FFO Vestland.
- Pål Heffer, administrasjonssjef FFO nasjonalt.

Utgreiing:

Ordskifte:

Vedtak:

FFO Sogn og Fjordane
FFO Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

**ÅR-09-2020** **NEDLEGGING AV FFO SOGN OG FJORDANE.**

Framlegg: Årsmøtet vedtek at FFO Sogn og Fjordane med org.nr 975 711 234 vert lagt ned 31.12.2020, eller etter at svar på søknad om momskompensasjon for driftsåret 2019 er motteke. Alle forpliktingar, avtalar, innbu, lausøyre og likvide midlar vert overført FFO Vestland med org.nr 971 349 050. Tilkomande midlar/krav til FFO Sogn og Fjordane som kjem i ettertid av fusjonen, skal tilkome eller handsamast av FFO Vestland.

Utgreiing:

Ordskifte:
Vedtak:

Avviklingsstyret utarbeider plan for overføring av midler fra FFO Sogn og Fjordane til FFO Vestland.
Alle forpliktelser og avtaler innbo og løsøre, likvide midler overføres til FFO Vestland, konto: 9521.05.08415. FFO Vestland opprettholder Fi-Senteret i Førde ut 2020 etter forpliktelser med huseier av Fjellevegen 10. Senterets drift avvikles pr. 30.06.2020, hvis ikke annet avtales med dagens leietakere på Fi-Senteret.